



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2014

Fylkesrådet for funksjonshemmede
i Sogn og Fjordane



Innhold

Årsmelding 2014 – Fylkesrådet for funksjonshemma.....	2
Overordna målsetjingar.....	2
Sekretariat	2
Aktivitetsåret 2014.....	3
Nærare omtale av aktiviteten	3
Deltaking i råd, utval og konferansar	5

Årsmelding 2014 – Fylkesrådet for funksjonshemma

Fylkesrådet for funksjonshemma er eit rådgjevande organ for fylkeskommunale, fylkesstatlege og kommunane i saker som vedkjem dei funksjonshemma. Rådet skal medverke til at politiske målsetjingar vert følgde opp. Rådet kan òg på eige initiativ ta opp saker som er viktig for funksjonshemma.

Overordna målsetjingar

- Fremja likestilling på alle samfunnsområde
- Leggja til rette for aktiv deltaking i samfunnslivet
- Ivareta og vidareutvikle funksjonshemma sine rettar
- Fremje desentraliserte og integrerte tenester, og koordinere tenester

Lov om råd eller annan representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne vart vedteken av Stortinget 17. juni 2005 med verknad frå 01.01.2008. Etter denne lova skal alle kommunar og fylkeskommunar ha eit råd eller annan representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne. Fylkesrådet for funksjonshemma har valt «*Arbeid for alle – også funksjonshemma*» som hovudfokus i denne val-perioden.

I møte i fylkesutvalet 30. november 2011 under sak 128/11: Val av medlemmer til nemnder o.a. Valperioden 2011 – 2015 vart fylgjande valde som medlem av fylkesrådet for funksjonshemma:

Norunn Lunde Furnes	- polititar	varamedlem er:	Ragnar Eimhjellen
Odd Atle Stegegjerdet	- polititar	varamedlem er:	Randi Rønnekleiv Melvær
Solfrid Lillebø	- FFO ¹	varamedlem er:	Gerd Bjørkedal
Geir Liavåg Strand	- FFO	varamedlem er:	Alfred Brusegard
Solfrid Fossberg	- SAFO ²	varamedlem er:	Gry Sætre

Leiar av fylkesrådet er Norunn Lunde Furnes

Nestleiar er Odd Atle Stegegjerdet

Sekretariat

Fylkesrådmannen syter for sekretariat for rådet. Arvid Stenehjøm, rådgjevar ved fylkesrådmannen sin stab, har vore kontaktperson frå hausten 2013 til 1. oktober 2014. Frå 1. oktober 2014 tok Anne-Kjersti Stavø Stenehjøm over sekretariatfunksjonen.

¹ Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO)

Med sine 75 medlemsorganisasjonar, som til saman har meir enn 335.000 medlemmar, er FFO Norges største paraplyorganisasjon for organisasjonar av funksjonshemma og kronisk sjuke.

² SAFO er ei samanslutning av tre interessepolitiske organisasjonar for og av menneske med nedsett funksjonsevne. SAFO er samansett av Foreningen Norges døvblinde (FNDB), Norsk Forbund for Utviklingshemma (NFU) og Norges Handikapforbund (NHF).

Aktivitetåret 2014

Gjennomgåande tema for året har vore «arbeid for alle». Dette har gjennomsyra alle møta. I samsvar med vedteken møteplan gjennomførte rådet 5 møte i 2014 og handsama 12 saker. I desse rådsmøta vart det i tillegg drøfta relevante problemstillingar og handsama til saman 41 skriv og meldingar.

Rådet sine fem møte har vore lagde til ulike stader. I tillegg hadde Fylkesrådet for funksjonshemma eit ekstra møte saman med Møre og Romsdal på landskonferansen i august. Fylkesrådet arrangerte også eit seminar 3. april.

På svært lang tid fekk Fylkesrådet for funksjonshemma informere om arbeidet sitt på fylkestingsseta i Førde juni 2014.

Leiar Norunn Lunde Furnes framførte interpellasjon om drosjeprisar og rullestolbrukarar i samband med Fylkestinget i oktober. Interpellasjonen og svaret frå Fylkesordførar Åshild Kjelsnes er vedlagt.

Nærare omtale av aktiviteten

6. februar: møte på Skei hotell i Jølster. I dette møtet deltok assisterande fylkesrådmann Bjørn Birger Bremer og orienterte om korleis utviklinga vert vidare med Fylkesrådet sin sekretariatsfunksjon. Rådet har vore utan eigen sekretær som tilsvara 50% stilling då Britt Marie Norheim slutta sommaren 2013. Fokus i dette møtet var hovudsakleg planlegginga av seminar 3.april og årsmelding for 2013 i tillegg til mange meldingssaker.

1. april: møte på Skei hotell der Jorunn Eide Kirketeig, som pårørande til ein rullestolbrukar og Endre Råheim som representant for drosjenæringa i fylket, var inviterte til samtale og orientering om ordningane rundt transport for rullestolbrukarar, og prisar. Etter dette møtet vedtok Fylkesrådet for funksjonshemma ein uttale som vart send avisene i fylket.

3. april: Fylkesrådet arrangerte seminaret «Arbeid for alle ! dropp out vs drop in – arbeid er rota til alt godt !» «For mange unge hamnar på NAV» - seier OECD i ein rapport om Noreg. Målet for seminaret var å få kunnskap og dialog om kven som fell utanfor arbeidslivet, kva som er årsaka til dette og korleis funksjonshemma kan komme i arbeid. Difor vart ulike sentrale partar inviterte til å halde innlegg og det vart gjeve rom for spørsmål undervegs. Det var ei brei målgruppe for seminaret sidan utfordringane var samansette. På seminaret møtte representantar frå dei kommunale råda for funksjonshemma, paraplyorganisasjonane FFO og SAFO, NAV, kommunal og fylkeskommunal skuleleiing, kommunale ungdomsråd og relevante interesseorganisasjonar.

Det var fire hovudinnleiarar til dette seminaret:

- Opplæringsavdelinga ved rådgjevar Knut Grinde
- NAV v/ fylkesdirektør Tore Thorsnes
- Anne Pia Nygård som snakka om eigne erfaringar

- Bedriftene Florø Drift - Krokane Nærtenester v/ Ronny Berg, og NTP i Gaupne v/ tidlegare direktør Atle Gandrubbakken. Bedriftene fortalde om deira erfaringar med rekruttering og tilrettelegging for arbeid.



Anne Pia Nygård gjorde eit sterkt inntrykk på forsamlinga då ho snakka om boka si «Det ingen ser». Boka er retta mot helsepersonell, samt andre som jobbar med born og ungdom. Boka skildrar livet til ein rullestolbrukar, der Nygård tek lesaren med inn i tankane og erfaringane til personen i rullestolen. Foto: Arvid Stenehjem

17. juni: var møtet i Førde på Sunnfjord hotell, der bygge- og eigedomssjef Jan Tore Rosenlund informerte om kartlegging av fylkeskommunale bygg, universell utforming og tilrettelegging. Magne Vivelid frå Gaular kommune informerte om prosjektet «Aktiv». Prosjektet starta opp i mai 2012, og aktiviserer personar i Gaular som av ulike grunnar står utan arbeid eller utdanningstilbod. Målet er å aktivisere desse personane gjennom meningsfylte arbeidsoppdrag for frivilligsentralen, og gje dei motivasjon og tid til å skaffe seg arbeid eller utdanning.

9. september: vart møtet lagt til NAV-hjelpemiddelsentralen i Førde, der ein fekk omvising og orientering om arbeidet deira. NAV-hjelpemiddelsentral får tilbakemeldingar og søknader om tilrettelegging og hjelpemiddel til bruk i arbeidslivet frå brukar sjølv, bedriftshelseteneste og frå NAV kontor. I tillegg gjev dei rådgjeving i høve tilrettelegging av bustad, universell utforming, spesiell tilrettelegging i omsorgsbustader, barnehagar, skular og arbeidsplass. NAV-hjelpemiddelsentral har dialog med kontaktpersonar i kommunane, der kontaktpersonane har ei koordineringsrolle. Det er ulikt korleis dette fungerer frå kommune til kommune.

Fylkesrådet fekk ei orientering og demonstrasjon av nokre hjelpemiddel knytt til problem med:

- Rørsle (forflytning, sitjeproblematikk etc.)
- Syn (forstøringsprogram, luper, lese TV)
- Høyrse (høyreapparat, varslingsanlegg med lyd, lys og/eller vibrasjonssignal)
- Kognisjon
- Kommunikasjon



Medlemmene i fylkesrådet for funksjonshemma på omvising i lokala til NAV hjelpemiddelsentral. Foto: Arvid Stenehjem

26. november : møte på Høyanger hotell, der Fylkesrådet fekk orientering om arbeidet med den regionale planen for folkehelse. I tillegg deltok representantar frå NAV Høyanger og Balestrand, som orienterte om arbeidet med å få ungdom med nedsett funksjonsevne i arbeid.

Deltaking i råd, utval og konferansar

- Landskonferansen i Kristiansand 18.-20. august, der samtlege av medlemmene var til stades.
- SOR konferansen i Oslo 27.-28. oktober, der Norunn og Odd Atle møtte. Tema på konferansen var: «Mulighetenes verden – Betre livskvalitet med velferdsteknologi».

Vedlegg 1: Interpellasjon frå leiaren i fylkesrådet for funksjonshemma Norunn Lunde Furnes 14. oktober 2015 - Fylkestinget.

Fylkesordførar!

Først vil eg få takke for at denne interpellasjonen vart godkjend slik at fylkestinget får anledning til ei drøfting av saka dersom dei ynskjer det. Etter kva eg har høyrte er dette den første gongen det er ein interpellasjon i fylkestinget, så då er dette også historisk.

Interpellasjonen vart først utsend seint i går kveld til medlemene i fylkestinget, så det er truleg ikkje alle som har fått sett seg inn i saksområdet. Difor vil eg først gje ein kort bakgrunn for kvifor eg som leiar i Fylkesrådet for funksjonshemma engasjerer meg i drosjeprisar.

På heimesida til fylkeskommunen finn du dei ulike reglementa for utval og råd, også Fylkesrådet for funksjonshemma. Det gjeldande reglementet vedteke i Fylkestinget sak 36, 2007 er heimla i lov av juni 2005 om råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Når eg samanliknar reglementet som var frå 2004 og det som gjeld i dag, er dette med å hindre diskriminering av funksjonshemma kome inn som ei forsterking av den overordna målsetjinga, i tillegg til eit femte punkt om universell utforming. Der heiter det m.a.:

Overordna målsetjing er å:

- fremje likestilling på alle samfunnsområde og hindre diskriminering
- leggje til rette for aktiv deltaking i samfunnslivet
- ivareta og vidareutvikle funksjonshemma sine rettar
- fremje desentraliserte, integrerte og koordinerte tenester
- fremje universell utforming på alle område

I fjor haust vart eg kjend med ei konkret hending i Førde som handla om rullestolbrukar og dyr drosjetur. Enkelthendingar og personlege opplevingar som funksjonshemma menneske har - er ikkje innanfor fylkesrådet for funksjonshemma sine arbeidsoppgåver. Men dersom desse enkelthendingane er døme på generelle ordningar, så er det viktig å finne ut av om desse ordningane er rettferdige for alle. I dette tilfellet sjekka eg Likestillingsombodet si heimeside og fann at det faktisk hadde vore ei klagesak mot Oslo taxi som gjeld diskriminering av rullestolbrukarar i Oslo. Eg valde då å ta dette opp som referatsak i Fylkesrådet for funksjonshemma, og vi hadde 1.april eit møte der vi søkte å få meir kunnskap og difor inviterte leiar for drosjenæringa i fylket, Endre Råheim og den pårørande i Førde som hadde gått til media med saka: Jorunn Eide Kirketeig.

TT-ordninga som fylkeskommunen administrerer og løyver midlar til, gjeld tilrettelagd transport i kommunane med sum 9.6 mill. for 2014. Fylkeskommunen, ved hovudutvalet for samferdsle, handsamar også drosjeløyva. I år har vi løyvd nær 390 000 til ti ulike drosjer etter søknad om tilrettelegging av bil. Saka er høgst aktuell på fleire måtar.

Etter at eg skreiv interpellasjonen i august, har statsbudsjettet vorte lagt fram. Der er det forslag som dersom dei vert vedtekne, vil innebære at gruppa med rullestolbrukarar som treng transport når dei sit i rullestol, kan verte mykje større i åra som kjem. Grunnen til dette er at regjeringa føreslår å fjerne tilskotet til funksjonshemma som ynskjer eigen tilpassa bil. Tilskotsordninga vert berre vidareført for dei som er studentar eller i arbeid, altså kan mange rullestolbrukarar som i dag har eigen bil, verte avhengige av drosjetransport eller buss for framtida. Yngre funksjonshemma vil også få vanskar med å skaffe eigen bil dersom dei er utan arbeid. No skal ikkje statsbudsjettet vere tema i denne interpellasjonen, men eg nemner det som eit aktuelt bakteppe.

Nokon vil kanskje seie at med dei nye tilpassa bussane som vi har, så kan vel rullestolbrukarane berre ta bussen? Jau, det er sant – dersom det går ein buss – og dersom ikkje ein annan rullestolbrukar kom inn på bussen ein stoppestad tidlegare. Dei nye bussane i Nordfjord med universell utforming har plass til berre ein rullestol om gongen. På hovudutvalsmøtet for samferdsle i juni, fekk vi demonstrert korleis ein rullestolbrukar

kjem seg inn i bussen, og det fungerer. Det er kapasiteten og rutetidene, særleg i distrikta, som kan verte problemet. Dessutan veit vi at fleire som i dag nyttar TT-ordninga er avhengige av hjelp for å føreta ei reise, t.d. planlegge den, komme seg til reisestart, orientere seg under reisa o.s.b. For desse er drosjetransporten svært viktig!

Fylkeskommunen brukar i dag årlege midlar til TT-ordninga. Det kan verke som den ordninga fungerer ulikt i kommunane når det gjeld å bruke tildelte midlar. I samband med landskonferansen for alle fylkesråda for funksjonshemma i august, hadde eg samtaler med fylkesråda for menneske med nedsett funksjonsevne i Møre og Romsdal og Hordaland. I eit felles møte gav fleire uttrykk for at ein ønskjer ei lik TT-ordning på Vestlandet, noko som vi i fylkesrådet for funksjonshemma truleg vil skaffe oss meir kunnskap om.

Eg skal no lese opp interpellasjonen, og vil oppfordre fylkestinget til to ting når det vert opna for debatt:

- *Namnet « Fylkesrådet for funksjonshemma» i Sogn og Fjordane er bestemt i Fylkestinget som vedtok reglementet i 2007. Namneendring kan ein eventuelt drøfte i ei anna sak, evt når nytt reglement skal vedtakast, men ikkje bruke tid på i dag.*
- *Statsbudsjettet meiner vi alle noko om, men det er altså kva vi sjølve gjer her i fylket som er tema for interpellasjonen.*

Vedlegg 2: Svar frå fylkesordførar Åshild Kjelsnes – drosjetakstane for rullestolbrukarar i Sogn og Fjordane – fylkestinget 14. oktober 2015

*Representanten Lunde Furnes har sett fram 2 spørsmål.
Eg vil svare på spørsmåla i den rekkefølga dei er stilte.*

1. *«Er fylkesordføraren samd i at praksis er diskriminerande når enkelte rullestolbrukarar må betale meir enn andre drosjekundar i Sogn og Fjordane?»*

Takstane for drosjer vert fastsette i ei eiga forskrift, maksimalprisforskrifta. Denne forskrifta regulerer alle drosjeturar med inntil 4 reisande og gjeld i heile landet med unnatak av dei store byane og tettbygde område rundt desse. Eksempelet frå Oslo som vert nemnt er soleis ikkje relevant for Sogn og Fjordane.

Maksimalprisforskrifta seier at drosjeutøvar har høve til å ta kr. 48 ekstra for ein drosjetur der drosjen tek med rullestol.

Elles er det same takst som for andre reisande.

Taksten er bygd opp slik at den reisande betalar for reiselengd og reisetid. Dette betyr at sjølv om to reiser er like lange i tal kilometer kan ein oppleve at prisen vert ulik. Då er grunnen til ulike prisar at reisetida varierer.

Fylkesordføraren meiner at den gjeldane maksimalprisforskrifta er urimeleg. Det bør koste det same for alle drosjebrukarar å nytte drosje.

Rullestolen er eit nødvendig hjelpemiddel for brukaren som det ikkje skal betale ekstra for.

I den grad det skal betalast ekstra for rullestol må slik betaling vere innarbeidd i grunntaksten. Det kan vere grunnlag for å sei at det på nokre turar er ekstra arbeid med rullestol. Men det kan vere mange andre situasjonar og tilhøve som også fører til meirarbeid. Slike situasjonar må handsamast likt og ikkje vere diskriminerande.

Eg vil be om at det vert teke initiativ til ein gjennomgang av gjeldane forskrifter.

Det vert i interpellasjonen hevda at rullestolbrukarar må betale annan takst enn andre reisande.

Fylkeskommunen har gjennomført møte med Norges Taxiforbund avd. Sogn og Fjordane.

Her kom det fram at det har vore ulik forståing og praktisering av maksimalprisforskrifta knytt til turar med rullestolbrukarar. Konkret gjeld dette betaling for klargjering av bil og korvidt forskrifta gjeld for TT køyring.

Dette gir oss grunn til å tru at enkelte løyvehavarar i nokre tilfelle kan ha teke urettvis betalt for klargjering av bil, samt at enkelte reisande med TT kort kan ha betalt etter annan takst enn maksimalprisforskrifta. Fylkeskommunen har etter møtet med taxiforbundet sendt ut eit rundskriv til alle drosjeløyvehavarane i fylket der desse forholda vert presisert.

Fylkeskommunen er løyvemynde. Som løyvemynde vurderer fylkeskommunen trongen for løyve og tildeler løyve til operatørar som tilfredsstillar lov og forskriftsmessige kriterier.

Løyvemyndet har og dialog med løyvehavarane og rettleiar der det er behov.

Det er konkurransetilsynet som har ansvar for maksimalprisforskrifta og handhevinga av denne.

Klager på brot på forskrifta skal rettast til konkurransetilsynet.

2. Kva vil fylkesordføraren gjere for at rullestolbrukarar i Sogn og Fjordane skal sleppe å betale meir enn andre passasjerar?

Dersom drosjenæringa rettar seg etter gjeldande maksimalprisforskrift skal takstane vere dei same for rullestolbrukarar som for andre, med unntak av dei 48 kronene pr. tur.

Som eg nemnde i svaret på første spørsmålet vil eg be om at det vert teke initiativ til ein gjennomgang av gjeldane forskrifter.

Målet bør vere at ekstrataksten på kr. 48 fell vekk.

Det er elles viktig å følgje med slik at alle rettar seg etter gjeldande reglar.

Største utfordringa når det gjeld drosjeturar med behov for rullestolbil er etter mitt syn at det er få som ynskjer å drive denne typen bilar. Høge investerings- og driftskostnader kombinert med avgrensa inntektspotensiale gjer at det mange stadar er vanskeleg å finne drivarar.

Fylkeskommunen har bevisst lagt til rette for at bileigarar skal kunne halde fram med å drive bilar som kan frakte rullestol.

Krav til tilrettelegging for hovudløyve nr 2, ekstra betaling for skuleskyss med stor drosjebil og ordningar som «Trygt heim for ein 50 lapp» og serviceskyss er døme på dette.

Det vert og gjeve tilskot til ombygging av bilar. Dette tiltaket har vi ikkje store summer til å dekke. Eit anna mogleg tiltak kan vere å styrke løyvinga til TT-kort slik at dei som er avhengig av maxitaxi/rullestolbil får tildelt ein større sum enn om ein nyttar liten bil. Slik kan ein kompensere for skilnaden i kostnaden per tur. Dette vil begge deler vere tiltak som krev auka fylkeskommunale løyvingar i ei krevjande budsjett - tid.

I sum har fylkeskommunen so langt lukkast med sine strategiar. Men mange stadar er det på vippen om det i framtida vil vere tilgjengeleg bil som er tilpassa for å frakte rullestol.

Det er difor viktig at fylkeskommunen også i framtida er aktive med å legge til rette for drosjeløyve med bilar tilrettelagd for rullestolbrukarar.



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 63 80 00
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Framsida foto: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem